



# SØR-AURDAL KOMMUNE

## Hedalen b/u skole og barnehage

Dato : 08.02.11  
Arkiv :  
Deres ref. :  
Vår ref. : ORS

### IKT I SKULEN

IKT er ein av dei fem grunnleggande ferdigheitene i kunnskapsløftet, noko som kan vera ei utfordring på fleire måtar. For å sikre at elevane tileignar seg dei ferdigheitene som K06 har som mål, krevs det gode kunnskapar og motivasjon blant lærarane som skal undervisa. IKT som ferdigheit gjeld alle fag og mykje av lærestoffet legg opp til interessante og spanande interaktive oppgåver som skal bidra til at måla blir nådd. Skal våre elevar møte det teknologiske samfunnet vi lever i med gode grunnleggande ferdigheiter må vi stå på. Born i dag har gjerne større kjennskap til, og kunnskap om teknologiske "duppedittar" enn det den aldrende generasjonen innehar. For at vi lærarar skal kunne imøtekoma krava i K06 og ikkje minst kunne gi tilfredstillande undervisning som når opp til, og speiler den kvardagen elevane lever i, må vi ha nok kunnskap, velfungerande utstyr og motivasjon.

Kunnskapen hjå lærarane er ulik, og her har kommunen eit ansvar for å kurse og vidareutdanne lærarane slik at vi kan formidle og legge til rette for at elevane sine ferdigheiter får optimale utviklingsmogelegheiter. Dette er ikkje den største utfordringa. Vi har svært dyktige og lærevillige lærarar som nyttar svært mykje IKT i undervisninga. Dagleg blir det undervist med bruk av IKT i ulike former. Automatisering i ulike fag, interaktiv tavle i stasjonsundervisning, skriveprossessar, repetisjon av lærestoff, eit blick på verden i språkfaga, framføring av prosjekt og visning av lærerike dokumentarar og filmar. Dette er berre noko av det lærarane legg inn i planane sine kvar veke for å oppfylle kunnskapsmåla. Motivasjonen har vi, og lærarane er ivrige og planlegg undervisninga si med utgangspunkt i det IKT utstyret vi har tilgjengeleg. Men....

Kva gjer vi når IKT utstyret ikkje fungerer optimalt, eller har nok maskiner til eit trinn, eller skrivaren ikkje fungerer? I haust har vi streva svært mykje med å få tilgang til serveren og nettet har vore svært ustabil. Gong på gong har lærarar brukt opp timen før dei har fått kome i gang med oppgåvene dei har planlagt. Mangelfullt utstyr er og eit problem når vi til dømes

---

**POSTADRESSE:**

3528 HEDALEN

**TELEFON**

**SKOLEN:**

61 34 86 60

**TELEFON**

**BARNEHAGEN:**

61 34 86 71

**EPOST:** [hedalen.skole@sor-aurdal.kommune.no](mailto:hedalen.skole@sor-aurdal.kommune.no)

skal gjennomføra nasjonale prøvar eller eksamen. Dette krevs utstyr som fungerer, med nok maskiner, tilgang til skrivar og eit nett som er i drift. Uførutsette utfordringar knytt til IKT utstyret kan gå greitt ein gong eller to, men når dette blir symptomatisk går det utover undervisninga og læringa til elevane. Svært mykje verdifull tid går bort til venting og til omorganisering av undervisninga. Motivasjonen til lærarane blir svekka dag for dag, noko som er forståeleg, og resultatet er at ein ikkje legg IKT inn i planane sine lenger. Dette er i strid med K06 og resultatet blir at nokre born ikkje tileignar seg dei nødvendige ferdigheitene i IKT. Når det gjeld eksamen synes vi det er lika spanande kvar gong om nettet og utstyret vårt fungerer. Dette er ei spaning vi helst vil vera forutan.

IKT Valdres gjer ein verdifull jobb og vi ser fram til eit godt samarbeid og lovnader om nye maskiner etter kvart. Det er viktig at kommunen arbeidar tett saman med dei ulike tenestene i kommunen og IKT Valdres. Dette for å sikre at det blir satsa på kompetansen hjå dei tilsette og på at IKT utstyret vårt ikkje berre blir vedlikehalde, men vidareutvikla og utvida. Klarer vi dette ser eg for meg mange spanande undervisningsøukter med fokus på IKT ferdigheitene i kunnskapsløftet framover.